

Referat frå styremøte nr. 5-2018

Dato: 25. juni 2018

Tid: kl. 12.00-15.00

Stad: Kunnskapsparken-bygget ved NTNU i Ålesund, møterom Ørnetua i 3. etasje

Til stades:

Styreleiar Jan Ove Tryggestad (ordfører i Stranda kommune)
Nestleiar Vebjørn Krogsæter (ordfører i Haram kommune)
Styremedlem Eva Vinje Aurdal (ordfører i Ålesund kommune)
Styremedlem Eva Hove (ordfører i Stordal kommune)
Styremedlem Dag Olav Tennfjord (ordfører i Skodje kommune)
Styremedlem Synnøve Vasstrand Synnes (rådmann i Ørskog kommune)
Styremedlem Andreas Chr. Nørve (rådmann i Vanylven kommune)

- 2. vara ordførarar Jørgen Amdam (ordfører i Volda kommune)
- 3. vara ordførarar Harry Valderhaug (ordfører i Giske kommune)
- 1. vara rådmenn May-Helen Molvær Grimstad (rådmann i Sykkylven kommune)

Forfall:

- 1. vara ordførarar Geir Inge Lien (ordfører i Vestnes kommune)
- 2. vara rådmenn Bente Glomset Vikhagen (rådmann i Skodje kommune)

Sak 25/2018: Velkomen til møtet. Godkjenning av innkallinga. Saker til eventuelt

Ved styreleiar Jan Ove Tryggestad

Styreleiar ønskte velkomen til møtet. Innkallinga vart godkjend.

Støtte til uttale om Stad skipstunnel var sak til eventuelt.

Sak 26/2018: Godkjenning av referat frå forrige styremøte 01.06.2018 (nr. 4 - 2018)

Framlegg til referat følgjer vedlagt. Ved styreleiar Jan Ove Tryggestad

Referatet frå forrige styremøte vart godkjend.

Sak 27/2018: Strategi for Sunnmøre Regionråd IKS

Ved styreleiar Jan Ove Tryggestad

Styreleiar innleia til saka. Etter dette var det presentasjonar som følgjer:

«Strategisk utviklingsarbeid i Sunnmøre Regionråd». Ved konsulent JP Eide i JP Konsult

Eide viste til at Sunnmøre er ein verdiskapingsregion der ein i stor grad er avhengig av privat sektor. Regionen har imidlertid utfordringar med å gjere seg attraktiv for nytt eigarskap og med å nå opp i statlege prioriteringar. Omgjevnadane til næringslivet er avgjerande for evna til omstilling, og offentleg politikk bør difor rettast inn mot å styrkje desse omgjevnadane. Vekst skjer ikkje innan bysentrum, men innan byregionen. Eide meinte at målet må vere å bli ein byregion og eit distrikt med prioritert status som fasiliterer eit næringsliv i verdsklasse.

Han heldt fram at strategisk fokus for regionrådet bør vere regional integrering og næringsutvikling (i tillegg til kommunale tenester og forvaltning).

Eide meinte det var behov for 3 sentrale avklaringar:

1. Kva misjon skal regionrådet ha?
2. Kven skal regionrådet tene?
3. Kva skal dei arbeide med?

«Rullering av strategi 2016-2019». Ved dagleg leiar Jan Kåre Aurdal i Sunnmøre Regionråd

Aurdal presenterte strategien 2016-2019. Besøk i kommunane viser at ein treng regionrådet for å halde Sunnmøre i hop. Regionrådet må vere relevant for både små og store kommunar. I tillegg må ein greie å mobilisere næringslivet.

«Regionrådet – strategiske spørsmål». Ved Jørgen Amdam, ordførar i Volda kommune og varamedlem i styret i Sunnmøre Regionråd

Amdam viste til at det er 3 utfordringsfelt: 1. Kva geografisk område skal/bør regionrådet dekke? 2. Kva saksfelt skal prioriterast? 3. Korleis skal regionrådet arbeide?

Amdam viste til at det er to delregionar – nord og sør om Storfjorden – sjølv om det er stor vilje til å trekke i lag. I nord er det eit sterkt sentrum og ein klar sentrum-pereferi, medan det i sør er ein polysentrisk (meir enn eitt sentrum) struktur.

Amdam viste til at lærande og dynamiske regionar er kjenneteikna av open kunnskapsflyt mellom føretak og andre aktørar, opne samfunn, godt fungerande politisk, politikarar med legitimitet og truverd, mange og sams frivillige aktivitetar - mange aktivitetar og relasjonar både horisontalt og vertikalt.

Som saksfelt innan offentleg verksemd nemnde Amdam offentlege arbeidsplassar, helse og omsorg og utdanning og oppvekst. Innan samfunns- og næringsutvikling nemnde han basis- og framtidsnæringar (t.d. marin og maritim verksemd), rammevilkår og kommunikasjonar (timeekspres, samanbinding aust-vest).

Som arbeidsmåtar vart nemnt strategisk leiing (konsentrasjon om få og viktige saker - aksjonsarbeid), fokus på fellesinteresser – tidlig konfliktavklaring, kunnskapsfokus (fakta om vår region), nettverksfokus (bygge alliansar) og aksjonsfokus (samle krefter om prioriterte saker).

Amdam stilte spørsmålet om det er det fellesinteresser? Dimensjonane i institusjonell kapital er kunnskapsressursar, mobiliseringsevne og relasjonsressursar.

I drøftinga i styret om vidare strategi kom det mellom anna fram følgjande moment:

- Vi må ha eit meir målretta fokus.
- Vi må vere relevante for våre eigarar.
- Samfunnsutviklingsperspektivet må kome i forgrunnen.
- Samarbeid om kommunale tenester er også viktig.
- Kor høgt må ein løfte perspektiva slik at alle vert med?
- Korleis løfte regionen til å verte av nasjonal interesser?
- Korleis verte ein unik region?
- Strategi er prosess: Korte ned på antal mål, rullere årleg i prosess.
- På næringsliv må ein 1.kartlegge nøkkelaktørar 2. kartlegge møteplassar – og drøfte strategien der.
- Tillit – ein må møtast som ordførarar. Ein må lage møteplassar der ein møtest oftare.
- Næringsutvikling - Satse på det nye i samarbeid med næringsliv og forskingsinstitusjonar.
- Kva er Sunnmøre?- Ha eit sideblikk til naboregionane. Regionrådet må bygge alliansar utover seg sjølv.
- Regionrådet har ein intra-funksjon: Kva er fornuftig fordeling av funksjonar?
- Sunnmøre Regionråd kan vere tilretteleggjar slik som med kommunereforma.
- Ein må få opp ei sak om ressursstyring, kva midlar har ein og korleis vert ressursane nytta.

Konklusjonen vart at administrasjonen legg fram eit forslag for styret i august. Ein tek vidare sikte på å samle ordførarane til eit møte for å teste ut forslaget til strategi. Ny strategi for Sunnmøre Regionråd vert handsama i representantskapet hausten 2018.

Sak 28/2018: Eventuelt

Stad skipstunnel. Sunnmøre Regionråd har fått eit forslag til uttale frå Vanylven kommune.

Vedtak: Sunnmøre Regionråd slutter seg til uttalen.